

# KATTHOLET



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Kattholet i Nordheradsalmenninga blir også kalla øvre Sagrusten, og i 1865 er det brukt Saghullet. Barbro Hansdotter Holshaugen 1812-1887 vart i 1834 gift med Erik Knutsen Foldmoen 1809-1864 frå Follidal. Dei budde fyrste åra i Holshaugen, men ved fødsel i 1843 er Sagrusten nemnd. Ved fødselar i 1846 og 1849 er nemnd Holshaugen att, medan Sagrusten er nemnd frå 1852. Erik og Barbro hadde barna*

*Knut f. 1833, nemnd som Holshaugen i 1863, utflytt til Lom i 1863, gift med Ingebor Sølfestsdotter frå Lom, tenarar på Visdal i 1865*

*Kari f. 1836, gift 1862 med Haagen Torgersen Spielplads frå Tynset f. ca. 1833, dei var i Sagrusten da fyrste barnet Torger vart fødd 1862, i Holshaugen i 1865, utflytt til Kristiansund i 1873*

*Mari 1841-1843*

*Mari f. 1843*

*Kari 1846-1849*

*Hans 1849-1850*

*Johannes f. 1852, utflytt til Kristiansund 1868*

*Anne 1856-1919*

*I 1865 budde enkja Barbro i Kattholet saman med sonen Johannes og dottera Anne. I 1879 brukar Barbro Hansdotter plassen i følgje festeseddel frå 1874 lydande på fem år. Ho har hevda at plassen egentleg er hevda eigedomsbruk, og har teke reservasjon på dette. Men i skriv frå finansdepartementet skal plassen utleggjast til almenninga viss festet blir ledig.*

*Anne Eriksdotter vart gift med Anders 1854-1931 frå Steinom ved Vang, han var oppale på Håkåstad. I 1909 vart det tinglese feste til Anders Kathullet. Anders og Anne hadde barna*

*Ole 1887-1958, skinnhandlar for Sigurd Nyhus*

*Mari f. 1890, til Amerika*

*Gunhild f. 1891, til Amerika*

*Barbro f. 1895, tenestjente på Sve m.m.*

*Ola budde i Kattholet til han døydde i 1958. Stugu vart seinare flytta til Moshuset.*

*I 1875 var det ikkje dyr i Kattholet, men dei sådde ½ tønne bygg og ¼ tønne poteter. Enkja Barbro og dottera Anne levde av handarbeid.*

*Kjelder: K.ogS.Storvik 2001: Dagar som aldri kjem att, s. 233*

*L.K.Steen: - sagt og skrivi gjennom tiin 1997:*

*I Kattholet i tre generasjonar, s. 10*

*Folketelling 1865, 1875, 1900*

*Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Anna Randen: munnleg fortalt*